



Fanagro AS  
Brugata 6  
5200 OS

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 21/10678 - 22/28464

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
10.04.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 99/4 Våge (Vågseidet)

Tiltak: Terrengringrep veg, mur og planering  
Byggjestad: Gbnr: 99/4  
Tiltakshavar: Judith Eikevik  
Ansvarleg søkjar: Fanagro AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad i eitt-trinn den 22.12.2021.

### Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad er sendt som eitt-trinn søknad, men den manglar opplysningar for å handsamast som eitt-trinnssak.
2. Det er ikkje lagt ved erklæring om ansvarsrett frå utførande.
3. Det skal liggje føre løyve til bakkeplanering frå Landbruksavdelinga før vi kan handsama saka.
4. Statsforvaltaren i Vestlandet avgrensar jordmottak for jordtipping ved etablering av fulldyrka mark og skal handsama saka etter deponiforskrifta. Betydeleg massemtak utløysar krav om utvida avkørsel frå fylkesveg som Fylkeskommune skal gi.
5. Vi manglar teikningar på mur med dimensjonar. I redegjørelse til søknaden manglar det teksten om høgde på murar, det skal visast på målsatte teikningar.
6. Kommune får ikkje snittprofilar til å stemme med koter i kartet. Ser slik ut at på innsendt terrengprofil er det oppgitt ikkje opphavleg, men dagens terrengnivå (grønne liner er feil). Vi ber om å vide terreng før og etter på profilar.
7. Terreng- og lengdeprofilar viser P0-P50, det er uklart kva skjer med terrenget vidare. Vi ber om snitt- og lengdeprofilar frå P50 til P170.
8. Storleik på felt 1 og felt 2 skal oppgjevast på situasjonskartet.
9. Avstand frå murar, andre tiltak mot nabogrense skal oppgjevast.
10. Nabogrenser må visast på kartet og profilteikningar.
11. Vegendringar skal visast tydeleg på kartet. Det skal visast godkjent landbrukstrase og ny omsøkt trase.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.05.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## GENERELL INFORMASJON

### Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Judith Eikevik

Kollåsen 54

5116 ULSET

### Mottakarar:

Fanagro AS

Brugata 6

5200 OS